

Høyring av verneplan for skog

Finndalstveitjuvet naturreservat, Fyresdal kommune



Alm ved Vårkro. Foto: Maria K. Hertzberg

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
September 2023**

Innhald	side
1. Bakgrunn.....	3
2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern.....	3
3. Heimelsgrunnlag.....	3
4. Saksgang.....	4
5. Verneplanen sitt omfang.....	11
6. Faktaark.....	12
7. Framlegg til verneforskrift.....	16

Vedlegg: Vernekart er lagt ved høyringa som eige vedlegg.

1. Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring framlegg til vern av Finndalstveitjuvet (tidligere kalt Finndølajuvet-Finndalstveit) naturreservat i Fyresdal kommune.

Bakgrunnen for framlegget er eit tilbod frå grunneigarane i området om frivillig vern av skog. Tilbodet kom inn 30. april og 8. juli 2019 gjennom AT Skog. Det er gjort registreringar av naturverdiane i området i 2020 som dokumenterer verdiar som kvalifiserer for vern etter naturmangfoldloven.

2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsiktige arbeidet med skogvern, mellom anna auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa sette mål om vern av både offentleg eigd skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet. Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «*Evaluering av skogvernet i Norge*», NINA rapport 54/2002 og «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane Statsforvaltaren tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakster for dei områda der det trengst. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Statsforvaltaren forslag til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbod og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Statsforvaltaren forslag til verneforskrift som blir sendt til grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet utpeikar ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandle med grunneigarane eller grunneigarane sin representant. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er einige om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneforslag likevel gjennomførast før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtaket er fatta.

3. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfoldloven er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfoldloven, som lyder slik:

” Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,

- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsl. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

4. Saksgang

Formell start på verneplanarbeidet for området med dåverande namn Finndølajuvet-Finndalstveit naturreservat vart meldt 29. oktober 2021, med frist for innspel 15. desember 2021.

Det kom inn følgjande merknader til oppstartsmeldinga:

Bane NOR (brev dagsett 02.11.2021) uttaler følgjande:

«Områdene som skal vernes ligger langt fra jernbane. Bane NOR har ingen merknader.»

Språkrådet (brev dagsett 17.11.2021)

«I kartet på nettsidene til Statsforvaltaren er namnet skrive Finndalstveit - Finndølajuvet. Generelt vil vi tilrå å nytte bindeordet og i staden for skråstrek eller bindestrek i slike samansette naturreservatnamn. Når det gjeld dei einskilde namna, har vi ingen merknader til namnet Finndalstveit. Finndalstveit er tilrådd skrivemåte for gardsnamnet i SSR, og heradsregisteret har registrert uttalen /fin`ndalstveit/. Når det gjeld namnet Finndølajuvet, er ikkje dette registrert i SSR eller heradsregisteret. Er dette eit namn som er nytta lokalt? Det einaste vi finn av bruk av namnet, er i eit dokument som er utarbeidd av BioFokus i samband med verneprosessen (http://lager.biofokus.no/omraadebeskrivelser/Frivilligvern2020_Finndoelajuvet_Finndalstveit.pdf), og det gjev grunn til å tru at namnet er konstruert i den samanhengen. Ut frå tilsvarande namn i Fyresdal, ville vi vente forma Finndølsjuvet med binde-s, jf. namneparet Modøl > Modølsåi. Dersom ikkje namnet Finndølajuvet (eller Finndølsjuvet) er i allmenn bruk lokalt, vil vi frårå dette, og Statsforvaltaren bør vurdere om Finndalstveit kan nyttast aleine eller saman med eit anna, eksisterande namn.»

Landbruksdirektoratet (brev dagsett 24.11.2021) uttaler følgjande:

«Som instans for høyringa av forslag til oppretting av nye naturreservat, ønsker vi å gi nokre generelle innspel til verneprosessen.

Grundig beskriving av området

Av høyringsdokumenta må det komme tydeleg fram om og i tilfelle korleis det aktuelle området blir nytta til landbruksformål. Dersom det er landbruksinteresser i området som ikkje blir tatt omsyn til i utkast til forskrift, ber vi om at det blir grunngjeve i høyringsdokumenta. Typiske landbruksinteresser kan vere (lista er ikkje uttømmende):
o Skogsbilveg som er naudsynt for skogbruk på tilgrensande areal

- o Traktorveg i samband med jordbruk*
- o Støl/seterområde*
- o Beite*
- o Reindrift*

Utforming av forskrift

Dersom det går vegar/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Statsforvaltaren vurdere om det kan bli gitt føresegn om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør bli lagt til rette for drift og vedlikehald av eventuelle støl-/seterområde og bli opna for andre tekniske tiltak som bidreg til ein landbruksmessig utnytting av området. Dersom slike tiltak ikkje er ønskeleg innanfor verneområdet, må det bli gitt ei fagleg grunngjeving for dette i høyringsdokumenta.

Beite vil vere aktuelt i mange område som blir foreslått verna som naturreservat. Det bør difor bli vurdert om forskrifta kan opne for dette. Viss ikkje, må det bli gjort greie for kvifor i høyringsdokumenta. Dersom det blir opna for beiting i området bør det også bli utarbeida føresegn for utsetting av saltsteinar og oppføring/vedlikehald av gjerde og sankekveer.

For alle tiltaka over må det bli vurdert om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka. Det bør bli gitt generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.

Vi går ut frå at Statsforvaltaren sin landbruks- og reindrifsfaglige kompetanse blir involvert i utforming av forskrift og verneplan. Det vil også vere nyttig å involvere den lokale landbruksforvaltninga i arbeidet.»

Forsvarsbygg (brev dagsett 07.12.21) uttaler følgjande:

«Vi ser foreløpig ingen konflikter med det foreslåtte verneområdet. Vi ber likevel om at de tek naudsynete unntak for militær operativ verksemd inn i forskrift til verneplanen. Vi ber og om at det særskilte unntaket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy vert tatt med i forskrift, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemd. Vi har ingen ytterligere merknader til verneframlegget nå.»

Arendals Vasdrags Brugseierforening (e-post sendt 08.12.21) uttaler følgjande:

«Foreslått vern av område 4 ligger i interesseområdet for Arendals Vasdrags Brugseierforening (AVB).

Område 4 er særleg viktig for AVB. Dam Votna ligger oppstrøms foreslått verneområde og år om annet har vi flom og overløp som vil påvirke verneområdet.

Vi er pliktig i konsesjonen til å sørge for tilsyn og gjøre tiltak for å holde disse flomoverløpene og elveleiene fri for hindringer slik at vi får tilstrekkelig avledning av vannet i flomsituasjoner. Derfor mener vi at område 4 er uegnet for vern. Vi har tilsyn og ferdes i området og må ha adkomst til området med bil /traktor og andre anleggsmaskiner dersom det må istandsettes etter en flomhendelse hvor det har vært overløp på dammen.

Vi har også pliktig vedlikehold på veien til Votna som ligger tett inntil foreslått verneområde.

Dersom vernemyndighetene velger å gå videre med vern av område 4 må regulantens tilgang til nedstrøms vassdrag tas hensyn til.

Når det gjelder andre forslag til vern i områder som er påvirket av regulering bør regulanten være høringspart når melding sendes ut.»

Videre uttaler Arendals Vasdrags Brugseierforening (e-post sendt 17.12.21) følgende:
«Vi påpeker at vi ikke er i mot vern generelt, men at alle våre hensyn med tanke på drift og vedlikehold, konsesjonsbestemmelser må bli ivaretatt i områder hvor vannkraft/regulering grenser til eller kommer i konflikt med foreslåtte verneområder.»

BirdLife Norge avdeling Telemark (brev dagsett 14.12.21) uttaler følgende:

«Kartlegging av fuglelivet i foreslåtte verneområder

Vi er opptatt av at kartleggingsprosessen frem til endelig vern av skogsområder må inkludere kartlegging av fuglelivet i de aktuelle områdene. En gjennomgang av tidspunktene for kartleggingene av de aktuelle områdene i denne saken viser at et klart flertall skjer fra september til november. Noen få i august og én i juli. Flere arter av trekkfugl har allerede dratt fra landet i september. På sensommeren og høsten er det i tillegg mange fuglearter som ikke gjør så mye av seg eller til og med har flyttet seg ut av hekkeområdene, og disse kartlegges dermed best på sen vinteren eller våren.

Et eksempel for å vise mangelfull kartlegging av fugl er rapporten fra Modalen i Tokke kommune. I løpet av 7 feltdager så var det enten ingen fuglearter som ble observert eller ingen som var viktige nok til å bli nevnt.

Et annet aspekt er at når man har feltarbeid for å påvise en del av de andre artsgruppene, så som lav, sopp, karplanter og biller, så krever dette så stor oppmerksomhet at det ofte kan bli vanskelig å få med seg det fuglelivet som må være i området med mindre man har dedikert personell til stede.

Om frivillig vern av skog

Sett bort i fra mangelfull kartlegging av fugleliv er BirdLife Telemark positive til frivillig vern av skog. Men det betyr ikke automatisk at alle områdene som blir foreslått for vern er like godt egnet til dette vernet.

Det er viktig at de områdene blir satt av til frivillig vern er av en slik verdi at det føles viktig å verne områdene. Når det er et mål at 10% av skogen i landet vårt skal vernes så er det viktig at skogen har stor nok verdi til å forsvare et vern, og at resurser ikke går med på vern av områder som er av lav verdi for biologisk mangfold.

Ettersom grunneiere får kompensasjon for å avgi et område til frivillig vern samt at det finnes begrensede midler til dette, så bør man også være tilbakeholdende med å verne områder uten så store verneverdier.

Forslag i forbindelse med verneplanarbeidet

BirdLife Telemark foreslår at de områdene som kun har lokal verneverdi (område 3, 5, 8, 9, 21 og 25 går ut av planene for frivillig vern og at de midlene som skulle blitt brukt til dette heller brukes ved en annen anledning når man får tilbud om områder som har høyere verneverdi.

Videre forslår vi at områdene som har regional verneverdi blir fredet. Først og fremst innenfor de områdene som kartleggerne har vurdert som verneverdig, men i tillegg at man også tillater at et område rundt blir vernet som en fornuftig buffersone for de verneverdige områdene. Dette gjelder områdene; 2, 10, 11, 12, 14, 20, 22, 23 og 27. Samtlige av de foreslåtte områder som har nasjonal eller internasjonal verneverdi bør bli vernet innenfor de

rammene som er lagt.

Optimalt sett bør vern også på sikt innebære redusert omfang av jakt, spesielt på rødlistede arter.»

Skagerak Energi AS (brev dagsett 14.12.21) uttaler følgende:

«Skagerak har oversendt denne saken til Arendals Vasdrags Brugseierforening (AVB).

Skagerak Kraft AS slutter seg til AVBs uttalelse i saken.»

Naturvernforbundet i Midt-Telemark (brev dagsett 15.12.21) uttaler følgende:

«Generell kommentar til verneplanarbeidet

Naturvernforbundet i Midt-Telemark (NVMT) viser til invitasjon om å komme med uttale til Statsforvaltarens verneplanarbeid for 28 skogområde i Telemark. NVMT har i høve til skogområda lokalisert i Midt-Telemark-regionen lagt merke til at nokre av verneforslaga som nå ligg ute, viker i påfallande grad frå fagbiologars eigne verneforslag. Generelt er tendensen at fagbiologanes arronderingar er meir restriktive enn tilbydars, og i enkelte tilfelle betydeleg meir restriktive. NVMT vil nytte høvet til kommentere at det er to problem Statsforvaltaren må leggje vekt på i vernearbeidet framover: 1) Me er bekymra for at verneprosenten for Telemark på sikt kan fyllast i for stor grad opp av skog med liten eller ingen verneverdi, og 2) at vern av skogområde bestående av ungskog og hogstflater også vil kunne svekke publikums tillit til at myndigheitenes vernearbeid fagleg sett er forsvarleg. Under vil me kommentere to av dei føreslåtte verneforslaga spesielt, begge lokalisert i Nome kommune.

.....

Avsluttande merknader

Naturvernforbundet i Midt-Telemark meiner at fleire interessante og viktige område i denne prosessen er blitt føreslåtte for vern, men me ser også med ei viss bekymring på tendensen til å inkludere større areal med liten eller ingen verneverdi i dei ulike forslaga. Tilfella me har valt å kommentere ovanfor skil seg spesielt ut, og da i ein slik grad at Statsforvaltaren etter vår meining bør gjera vernesonene for desse to lokalitetane meir restriktive og meir i samsvar med fagbiologanes vurderingar.»

Statnett (e-post sendt 16.12.21) uttaler følgende:

«Det vises til melding om oppstart av verneplanprosess - Frivillig skogvern på privat grunn - 28 områder i Telemark. Statnett har ikke transmisjonsnettanlegg som blir berørt av planene og har derfor ingen merknader.»

Direktoratet for mineralforvaltning (brev dagsett 20.12.20) skriv at deira sektorområde ikkje er rørt, og har ingen merknader.

Norges vassdrags- og energidirektorat (brev dagsett 16.3.22, 3 mnd. etter frist for uttale) uttaler følgende:

«Vi viser til melding om start av verneplanprosess for nye områder for frivillig vern av skog i kommunene Drangedal, Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Midt-Telemark, Nome, Notodden, Porsgrunn, Seljord, Tinn og Tokke.

NVE har sett gjennom oppstartsmeldingen for de foreslåtte verneområdene med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m.

.....

▪ *I områdene Sannesnåsa, Finndalstveit-Finndølajuvet, Kleppefjell, utvidelse, Tårånli, Hyttedokkåsen, Skitnebufjellet, utvidelse, inkl. Nivelisåsen, Svartejuv-Vestfjellet og Modalen er det ulike energi- og vassdragsinteresser i forbindelse med reguleringsmagasin og kraftverk. Nærmere kommentarer om områdene står beskrevet videre i dette dokumentet.*

▪ *NVE ber om at alle berørte parter blir inkludert i adresselisten. Dette gjelder områdekonsesjonærer, netteiere, magasinregulanter, kraftselskapseiere, grunneiere m.m. Dette er for at de skal få muligheten til å uttale seg om hvorvidt vern påvirker eksisterende eller fremtidige planer. NVE kan ikke se at brukseierforeningene i de aktuelle kommunene er på høringslisten, dvs. Øst-Telemarkens Brukseierforening (ØTB) og Arendals Vasdrags Brugseierforening (AVB).*

▪ *Skagerak Kraft AS har uttalt seg og vil bemerke at det er viktig at denne type saker underlegges grundige saksbehandlingsprosesser og at alle involverte interessenter gis anledning til å uttale seg. AVB har blitt informert om vern av Skagerak Kraft AS og har uttalt seg. NVE støtter opp under Skagerak Kraft AS sin uttalelse og ber statsforvalteren ta uttalelsen til følge.*

▪ *Statnett har uttalt seg ifb. oppstartsmeldingen og informerer at de ikke har transmisjonsnettanlegg som blir berørt av planene og har derfor ingen merknader.*

▪ **Nettanlegg**

NVE gjør oppmerksom på at Telemark Energi AS (tidligere Midt-Telemark Energi AS), DE Nett AS (tidligere Drangedal Everk AS), Vest-Telemark Kraftlag Nett AS (tidligere Vest-Telemark Kraftlag AS), Lede AS (tidligere Skagerak Nett AS), Everket AS (tidligere Notodden Energi Nett AS) og Stannum AS (tidligere Tinn Energi Nett AS) har områdekonsesjon i de ulike verneområdene. Vi oppfordrer nettselskapene til å uttale seg om verneforslaget kommer i konflikt med eksisterende eller fremtidige prosjekter. NVE har ikke detaljert kjennskap til planer knyttet til distribusjonsnett. Det er spesielt viktig at områdekonsesjonærene og netteierne uttaler seg om aktuelle planer. NVE ber nettselskapene til å uttale seg selv i tilfeller uten konflikt.

For at selskapene skal ha mulighet til å uttale seg videre i prosessen, ber vi om at de inkluderes i høringslisten. Som følge av lovkrav fra NVE har flere av nettselskapene endret navn. Det er viktig at riktig selskap med riktig navn blir inkludert i høringslisten.

.....

▪ **Reguleringsmagasin**

Så langt NVE kjenner til er det reguleringsmagasin som ligger nært eller grenser til områdene Sannesnåsa, Finndalstveit-Finndølajuvet, Hyttedokkåsen, Modalen og Skitnebufjellet, utvidelse, inkl. Nivelisåsen.

NVE ber statsforvalteren ta kontakt med regulant/tiltakshaver av magasinene slik at de får mulighet til å uttale seg om hvorvidt de foreslåtte verneområdene kommer i konflikt med drift av reguleringsmagasin, konsesjonsbestemmelser, om erstatninger gitt tidligere til grunneiere og vurdere hvorvidt det er aktuelt med heving av høyeste regulerte vannstand (HRV) i fremtiden. Vi ber selskapene og regulanter å uttale seg selv i tilfeller uten konflikt.

Vi gjør oppmerksom på at vern ned til høyeste regulerte vannstand (HRV) vil begrense

muligheter for økning av HRV i framtiden. Når verneområdet grenser med reguleringsmagasin kan det skje at regulanten er pålagt eller har behov for rydde i kantsonen over HRV, neddemt område og elven nedstrøms.

NVE vurderer det som nødvendig at konsesjonsbestemmelser blir ivaretatt. Når verneområde omfatter eller grenser med regulerte vassdrag er bestemmelsene om rydding ifb. flomsikring standard i konsesjonsvilkår. Verneforskriften må ha bestemmelser som sikrer nødvendig hogst og rydding ifb. regulering og varierende flomvannstander, samt dispensasjon for motorisert transport i forbindelse med dette. Som et eksempel på hvordan slike bestemmelser kan ivaretas viser vi til §4j, 6h og 7r i forskrift om vern av Dokkajuvet naturreservat, Nordre Land kommune

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2021-03-19-793>. Et annet eksempel er forskrift om vern av Skåbudalen naturreservat, Nord-Fron kommune <https://lovdata.no/dokument/LTII/forskrift/2020-12-11-2697>.

I forbindelse med flere tidligere verneforslag som grenser til HRV, for eksempel Sandvik naturreservat i Fyresdal kommune, har NVE opplevd at grunneierne ble kompensert opptil en meter over HRV for erosjon, nødvendig hogst og rydding i forbindelse med reguleringen og varierende flomvannstander. Vi oppfordrer statsforvalteren å be skogeieren(e) til Raunberget og Høkleberget om å opplyse om det er noen privatrettslige forhold i de foreslåtte verneområdene, som vil kunne få betydning for vernet før verneområdene blir sendt på høring. Det inkluderer opplysninger som skogeieren(e) allerede har fått eller får utbetalt erstatninger i de foreslåtte verneområdene i henhold til skjønnsavgjørelser eller avtaler.

.....

▪ Øvrige kommentarer til områdene

.....

Finndalstveit-Finndølajuvet

Arendals Vasdrags Brugseierforening (AVB) har uttalt seg ifb. oppstartsmeldingen når det kommer til det foreslåtte verneområdet Finndalstveit-Finndølajuvet (område 4). De informerer at område 4 er særlig viktig for AVB. Dam Vatna ligger oppstrøms foreslått verneområde og det kan forekomme flom og overløp som vil påvirke verneområdet informerer de. AVB er pliktig i konsesjonen til å sørge for tilsyn og gjøre tiltak for å holde disse flomoverløpene og elveleiene fri for hindringer slik at de får tilstrekkelig avledning av vannet i flomsituasjoner.

AVB informerer videre at de vurderer område 4 uegnet for vern. De har tilsyn og ferdes i området og må derfor ha adkomst til området med bil/traktor og andre anleggsmaskiner dersom det må istandsettes etter en flomhendelse hvor det har vært overløp på dammen. AVB ber at regulantens tilgang til nedstrøms vassdrag tas hensyn til dersom vernemyndighetene velger å gå videre med vern av område 4.

Videre påpeker AVB at de ikke er imot vern generelt, men at deres hensyn med tanke på drift og vedlikehold, konsesjonsbestemmelser må bli ivaretatt i områder hvor vannkraft/regulering grenser til eller kommer i konflikt med foreslåtte verneområder.

NVE vurderer det også som nødvendig at konsesjonsbestemmelsene blir ivaretatt. Verneforskriften må ha bestemmelser som sikrer nødvendig hogst og rydding ifb. reguleringen og varierende flomvannstander, samt dispensasjon for motorisert transport i

forbindelse med dette. Som et eksempel på hvordan slike bestemmelser kan ivaretas viser vi til §4j, 6h og 7r i forskrift om vern av Dokkajuvet naturreservat, Nordre Land kommune <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2021-03-19-793>.

Vi ber statsforvalter å ha en tett dialog med AVB angående bestemmelser i verneforskriften som er nødvendige for å sikre at konsesjonsbestemmelsene er ivaretatt.

.....»

STATSFORVALTARENS KOMMENTARAR TIL DEI INNKOMNE MERKNADENE

Når det gjeld innspelet frå Språkrådet som frarår å bruke Finndølajuvet i reservatnamnet så tek Statsforvaltaren dette til etterretning og endrar navnet på området i høyringa til Finndalstveitjuvet. Dette er i tråd med namnet som vert bruka på området lokalt.

Når det gjeld innspelet frå Landbruksdirektoratet, så vil vi kommentere at det i området som er planlagt verna ligg ein nedlagt staul, og dersom det er aktuelt med beitedyr er det tatt høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta, jf. § 4 bokstav e og g, § 6 bokstav a, § 7 bokstav d og f.

Når det gjeld merknaden frå Forsvarsbygg, så vil vi kommentere at vi har teke omsyn til unntak for militær operativ verksemd og omsynet til militær luftoperativ verksemd i § 6, første ledd og § 6, bokstav c.

Når det gjeld uttala frå Arendals Vasdrags Brugseierforening om at Finndalstveitjuvet ikkje eignar seg for vern, så er ikkje Statsforvaltaren einig i dette. Det er funne miljøverdiar av nasjonal interesse i området, noko som bør følgjast opp med vern når det ligg føre tilbod frå grunneigarane i området. Men Statsforvaltaren er innstilt på å finne ei løysing på innspelet deira i høve til forskrifta og tek difor dette inn i forskrifta slik NVE viser til at det er gjort ved Dokkajuvet naturreservat i Innlandet.

Når det gjelder uttala frå Skagerak Kraft AS så visar vi til Statsforvaltarens kommentar til uttala frå Arendals Vasdrags Brugseierforening.

I forhold til utsegna frå BirdLife Norge avdeling Telemark som ønskjer kartlegging av fugl i områda som inngår i oppstartsmeldinga av oktober 2021 vil vi kommentere at fugl ikkje er ein fast del av kartleggingsoppdraget som konsulentfirma utfører (kartlegginga har følgt metodikken i handbok 13 frå DN). Dette forklarar kvifor det kjem fram lite eller ingen kunnskap om fuglar i dei biologiske kartleggingane som gjennomførast som del av verneprosessen. I ein del tilfelle sit Statsforvaltaren sjølv på kunnskap om fuglelivet i tilknytning til tilbodsområde, som då blir synleggjort i høyringa for det enkelte område. Dette kan i enkelte tilfelle innebere at områder med lokal verneverdi hevast til ein høgare verneverdi. Statsforvaltaren er i prinsippet einig med BirdLife Telemark i at kartlegginga av fugl burde vera ein fast del av kartleggingane.

Når det gjeld uttala frå Naturvernforbundet i Midt-Telemark så gjeld den fyrst og fremst for regionen Midt-Telemark, og Statsforvaltaren har difor ikkje kommentar til deira uttale når det gjeld Finndalstveitjuvet som ligg i Fyresdal kommune.

Når det gjeld uttala frå NVE så viser Statsforvaltaren til vår kommentar til uttalen frå Arendals Vasdrags Brugseierforening.

Vidare sakshandsaming

Verneforslaget med skildring av området, vernekart og forslag til verneforskrift blir sendt på ei felles sentral og lokal høyring med **frist 10. november 2023**. Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli råka av det planlagde vernet.

Etter høyringa vil Statsforvaltaren summere opp innkomne fråsegner, kommentere desse og utarbeide ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil etter dette lage innstilling til Klima- og miljødepartementet og vedtak om vern blir gjort ved kgl. res. av Kongen i statsråd.

5. Verneplanen sitt omfang

Namn	Kommune	Tal på grunneigarar	Totalareal	Verneverdi
Finndalstveitjuvet naturreservat	Fyresdal	4	1561 daa	(***) nasjonal



Rasmark-almeskog, noe grove gamle alm og rik vegetasjon Foto: Joachim Restad

6. Faktaark

LOKALITET:	Finndølajuvet-Finndalstveit
KOMMUNE:	Fyresdal
FYLKE:	Vestfold og Telemark
VERNEKATEGORI:	Naturreservat
AREAL:	1561 daa
HØGDE OVER HAVET:	Ca. 370-830 m.o.h.
EIGEDOMAR:	Gnr./bnr.: 1/6, 41/4, 61/1, 61/2

Faktaarket for tilbudsområdet Finndølajuvet-Finndalstveit er skrive på bokmål frå kartleggaren sin side, og vi har ikkje endra dette til nynorsk.

SKILDRING AV OMRÅDET

Lokaliteten ligger i tilknytning til elva Finndøl som har utløp fra vannet Votnevatni i Fyresdalsheiane. Området omfatter en større sørvest- til nordøstgående forholdsvis skarpt avsatt skogsbekkekløft samt ovenforliggende sørvendte lisider opp mot Skardnuten. Området har fattig berggrunn og mesteparten av arealet i bekkekløften dekkes av morenemateriale, mens det i de høyereliggende områdene opp fra bekkekløften er bart fjell og et tynt løsmassedekke. Det er også partier med blokkmark, dels svært grov, og det er en del partier med berg i dagen. Lokaliteten ligger i mellomboreal (60%), sørboreal (30%) og nordboreal (10%) vegetasjonssone i klart oseanisk vegetasjonsseksjon.

VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVERKNAD

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» naturtypar omtalt. Det er naturtypar som er gitt status etter kor stor risiko det er for av dei går tapt. Status er henta frå Norsk Raudliste for naturtypar 2018 frå Artsdatabanken. NT = sårbar.

Vegetasjonen er svært variert og viser hovedsakelig stor variasjon innenfor gradientene fattig-rik og fuktig-tørr. Rike vegetasjonstyper forekommer særlig i de sørvendte liene på bedre jordsmonn, og inngår stedvis også der boniteten er høy andre steder. Tresjiktet er blandet, hvor det i større partier er dominans av gran på bedre jordsmonn eller furu i skinnere arealer, men hvor det også er en relativt høy andel av edelløvtrær som alm og hassel og boreale løvtrær med osp, selje og bjørk.

Større deler er produktiv granskog, særlig i den nordvendte lisiden. Innenfor kjerneområdene er skogen eldre, velutviklet, flersjiktet og med mye gadd og læger. Her er det også rikelig med gamle edelløvtrær og boreale løvtrær, samt innslag av gammel gran. Gamle trær og død ved er ellers svært spredt i området.

Det er avgrenset 8 kjerneområder/naturtypelokaliteter innenfor verneforslaget og disse utgjør til sammen ca. 62% av totalarealet. Av naturtyper er det avgrenset to lokaliteter med rik edelløvsog med utforming rasmak-almesog, begge med svært viktig verdi (A-verdi); to lokaliteter med sørboreal gran-blandingssog, begge med verdi viktig (B-verdi); to lokaliteter med gammel lavlandsgranskog, hvorav én med lokal verdi (C-verdi) og én med verdi viktig (B-verdi); én lokalitet med naturtype rik boreal løvsog med utforming rik løvsog i rasmak, med verdi viktig (B-verdi). I tillegg er hele bekkekløften avgrenset som naturtype lavlandsgranbekkekløft på Østlandet med verdi svært viktig (A-verdi). Flekker med rødlistet naturtype

høgstaudegranskog (NT) og større partier med frisk rik edelløvsskog (NT) finnes der vegetasjonen er rik.

VERNEINTERESSAR

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» artar omtalt. Det er artar som er sjeldne og som er gitt ulik status etter kor stor fare det er for utrydding. Status er henta frå Norsk Raudliste 2015, frå Artsdatabanken. EN = sterkt trua, VU = sårbar og NT = nær trua, der «sterkt trua» er meir sjeldan enn «nær trua».

Bekkekløften og ovenforliggende arealer har stor variasjon i habitater og det er derfor registrert en rekke kravfulle arter innenfor flere ulike artsgrupper og knyttet til flere ulike miljøer og elementer. Foreløpig er det til sammen registrert 11 rødlistede arter, inkludert alm *Ulmus glabra* og ask *Fraxinus excelsior* (VU), hvorav én er i kategorien EN og 8 er NT-arter. Blant annet er det registrert en rekke arter knyttet til velutviklede rike edelløvs-skoger slik som almekullsopp *Hypoxylon vogesiacum* (NT), bleikdoggnål *Sclerophora pallida* (NT), kystdoggnål *Sclerophora peronella* (NT), glattvreng *Nephroma bellum* og kystårenever *Peltigera collina*. Det er også registrert elementer knyttet til eldre boreale løvtrær samt død ved, slik som begerfingersopp *Artomyces pyxidatus*, ospebarkkjuke *Oxyporus corticola*, skålfiltlav *Protopannaria pezizoides*, stiftfiltlav *Parmeliella triptophylla* og på gammel bjørkegadd ble det funnet rustdoggnål *Sclerophora coniophaea* (NT). Lungenever *Lobaria pulmonaria* ble funnet på flere gamle seljer. Det er foreløpig funnet få kontinuitetskrevede arter knyttet til gammel granskog, men svartonekjuke *Phellinus nigrolimitatus* (NT) finnes spredt i bekkekløften, og det er også funnet rynkeskinn *Phlebia centrifuga* (NT), kjøttkjuke *Leptoporus mollis*, drueskinn *Acanthophysellum lividocoeruleum*, vasskjuke *Climacocystis borealis* og gammelgranskål *Pseudographis pinicola*. Det er foreløpig registrert få typiske bekkekløftarter, men i den nordvendte lia er det for det meste et stabilt fuktig miljø med arter som sukkernål *Chaenotheca subroscida* (NT) og rimnål *Chaenothecopsis viridialba* (NT) på gran, og rødmuslingmose *Mylia taylorii* og storstylte *Bazzania trilobata* ble funnet noen få steder. Gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT) finnes spredt i hele den nordvendte lia. Furuskogene er for det meste strukturfattige, men i et parti med forholdsvis storvokst furu og noe død ved ble pastellkjuke *Rhodonia placenta* (EN) funnet på læger av furu. På bergvegger både langs med elvestrekket og lenger opp i lisidene i bekkekløften er det registrert kravfulle arter som krusfellmose *Exsertotheca crispa* og putevrिमose *Tortella tortuosa*.

Områdets største og viktigste naturkvaliteter er knyttet til den store variasjonen i ulike naturtyper innenfor et forholdsvis lite areal. Her er velutviklede rike rasmark-almeskog, rike blandingsskoger og rik boreal løvsskog, samt at kompakt og produktiv lavlandsgranskog på middels og høy bonitet dekker forholdsvis store arealer. Deler av granskogen har også mye død ved og delvis er det humide forhold. Variasjonen i vegetasjonstyper og relativt stort innslag av rike, frodige og/eller fuktige typer bidrar til å gi området store kvaliteter. Samlet vurderes verneforslaget å inneha nasjonale skogvern-kvaliteter (***).

Avgrenset verneforslag vil kunne bidra til oppfylning av viktige mangler i skogvernet. Av mangelnaturtyper inngår gammel granskog (middels grad), alm-lindeskog (høy grad) og bekkekløft (høy grad). Dette gir høy mangeloppyllelse på mangelnaturtyper. På de generelle manglene gjelder lavlandsskog (høy grad), høybonitetskog (middels grad) og biologisk gammel skog (middels grad). På de generelle manglene gir dette middels mangeloppyllelse. Også arealene utenfor kjerneområdene vil på relativt kort sikt kunne utvikle viktige verdier. Til sammen gir dette verneforslaget middels mangeloppyllelse.

Statsforvaltaren legg til at av røddlista ansvarsartar er det påvist almekullsopp. I tillegg er det påvist artar som ikkje var oppført i Norsk Røddliste 2015, men som nå er oppført i Norsk Røddliste 2021. Dette gjeld lind *Tilia cordata*, flekkgrisøre *Hypochaeris maculata* og kjøttkjuke *Leptoporus mollis* (alle nær trua (NT)).

FØREMÅL

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område i låglandet med stor topografisk variasjon som inneheld ein bestemt type natur i form av ei granbekkekløft med velutvikla og rik rasmark-almeskog, gamal sørboreal gran- og blandingsskog, boreal lauvskog og høgstaudegranskog. Vidare er føremålet å ta vare på eit område som har særskilt naturvitskapleg verdi på grunn av førekomstar av sjeldne og trua artar av karplantar, sopp og lav.

ANDRE INTERESSER


I samband med regulering av vassdraget er det naudsynt med utføring av tilsyn og tiltak på flomoverløp og elveleier ved flomsituasjonar. Det er også naudsynt med tilkomst innanfor verneforslaget i samband med dette. Det er teke omsyn til desse behova i forskrifta. Det finst fleire stiar innanfor verneforslaget. Desse stiane er vist i vernekartet.

TEKNISKE INNGREP

Vassdraget er regulert.

PLANSTATUS

Arealet ligg i område sett av til LNFR (landbruks- natur- og friluftsområde) formål, jf. figur under, henta frå kommuneplanen sin arealdel (2014-2026). Mesteparten av det føreslegne verneområdet ligg i føresegnene i kommuneplanen også innanfor omsynssone for villrein (skravert område).



MERKNADER

Kjerneområde 2 *Vårkro* inneheld den raudlista naturtypen frisk rik edellauvskog med utforminga rasmark-almeskog. Dersom gran spreier seg inn og begynner å dominere

lokaliteten kan det på eit seinare tidspunkt vere aktuelt å utarbeide ein skjøtelsesplan for området.

SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR


Tabellen viser skogbruksopplysningar for tilbodsområdet.

Namn	Total-areal	Produktivt areal i				Anna areal i daa			Tilvekst	Volum
	daa	H	M	L	Sum	Myr	Vatn	Anna	m ³ /daa	m ³
Finndølajuvet-Finndalstveit naturreservat	1567	254	437	465	1156	32	0	379	20	23248

Skogbruksopplysningane er levert av AT Skog. Areal kan vere justert på eit seinare tidspunkt.

LITTERATUR

Hertzberg, M. og Restad, J. 2021. Naturverdier for lokalitet Finndølajuvet/Finndalstveit, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020. NaRIN faktaark. BioFokus.



Bergveggar finst fleire stadar langs med elva. Foto: Maria K. Hertzberg

7. Framlegg til verneforskrifter

Kommentarar til forskriftene

Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode. Definisjon på større arrangement er omlag 30 deltakarar. Er det fleire deltakarar må det søkjast om løyve, og då kan forvaltningsstyresmakta vurdere dette i høve til § 7 bokstav f.

Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stigar, løyper og gamle ferdselsvegar. Vedlikehald som rydding av kvist og fjerning av greiner og nedfall i stigar og vegar kan gjerast utan søknad. Vindfall som måtte bli liggjande over stigar kan kappes og leggest til side, normalt vil dette kunne gjerast av grunneigar eller oppsyn. Det kan etter søknad gjevast dispensasjon etter § 7 bokstav a til rydding og vedlikehald av eksisterande stigar, løyper og gamle ferdselsvegar. Dette er ein standard regel vi har med i alle verneforskrifter, og som kan nyttast dersom det viser seg å vera stigar ein ikkje har kjent til ved vernet.

Motorferdsel.

Motorferdsel er forbode etter § 5 bokstav a. Det er nokre generelle unntak i § 6 og det kan gjevast dispensasjon etter søknad etter reglane i § 7. I tillegg gjeld lov om motorferdsel i utmark, det vil seia at kommunen og grunneigar må gje løyve til motorferdsel på vanleg måte.

Bruk av sykkel, hest og riding.

Friluftsløven opnar for sykling, riding og anna bruk av hest på veier og stigar i utmarka. I høyringsforslaget vil vi følgje friluftsløvens føresegn Jf. føresegnet i § 5 bokstav b.

Brenning av bål.

Det er vanleg at det er opna for brenning av bål i store reservat (grense på om lag 700-1000 daa). Ein må då nytte tørrkvist eller ved ein har med seg, ein kan ikkje felle eller hogge opp daude tre.

Forslag til forskrift om vern av Finndalstveitjuvet naturreservat i Fyresdal kommune i Vestfold og Telemark fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område i låglandet med stor topografisk variasjon som inneheld ein bestemt type natur i form av ei granbekkekløft med velutvikla og rik rasmark-almeskog, gamal sørboreal gran- og blandingsskog, boreal lauvskog og høgstaudegranskog. Vidare er føremålet å ta vare på eit område som har særskilt naturvitskapleg verdi på grunn av førekomstar av sjeldne og trua artar av karplantar, sopp og lav.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Fyresdal kommune: 1/6, 41/4, 61/1, 61/2.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 1561 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet20xx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Fyresdal kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Sanking av bær og matsopp.
- b. Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- c. Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- d. Vedlikehald og merking av eksisterande stigar vist på vernekartet i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.

- e. Beiting.
- f. Utsetjing av saltsteinar.
- g. Oppsetting av mellombelse mobile jakttårn for storviltjakt.
- h. Forsiktig rydding av små buskar og kvist i samband med jakt på storvilt.
- g. Bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller ved ein har teke med, i samsvar med gjeldande lovverk.
- j. Vedlikehald av eksisterande traktorvegar vist på vernekartet slik tilstanden var på vernetidspunktet.
- k. Naudsynt rydding av vegetasjon i Finndølas regulerte elveleie ved akutt behov for sikkerhetstiltak mot flom. Det skal i etterkant sendes melding til forvaltingsstyresmakta.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Utanom eksisterande stiar er sykling, riding og bruk av hest forbode.

§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje for øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.
- d. Naudsynt motorferdsel i samband med rydding av vegetasjon i Finndølas regulerte elveleie som akutt sikkerhetstiltak mot flom, jf. § 4 bokstav k. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsstyresmakta.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. Merking, rydding og vedlikehald av stigar og gamle ferdselsvegar som ikkje var kjent på vernetidspunktet.
- b. Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- c. Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- d. Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b.
- e. Hogst av etablerte plantefelt.
- f. Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnt i § 3 bokstav d.
- g. Oppsetting og vedlikehald av gjerde.
- h. Øvingskøyring for formål nemnt i § 6 første ledd.
- i. Naudsynt rydding av vegetasjon og uttak av masse langs elva som sikringstiltak mot flaum.
- j. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav f, j og k og § 7

bokstav a, c, e, og g.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10. (forvaltingsplan)

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltingsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12. (iverksetjing)

Denne forskrifta trer i kraft straks.



Signalarten kystårenever på alm. Denne forbindes ofte med miljøer med kontinuitet i tresjiktet, samt høy jevn luftfuktighet. Foto: Maria K. Hertzberg